

ÅRSMELDING 1988 FOR VALDRESKVELVEN SPEL- OG DANSARLAG

Onsdag 17. februar vart årsmøte 1988 haldi på Grindaheim Turisthotell. 8 av laget sine medlemmar møtte fram. Årsmøtet greide å velje nytt styre, men ikkje ny leiar - da ingen var viljuge til å ta på seg dette vervet. Etter ekstraordinært årsmøte på Åsvang 20. mars (val av leiar) har styret vori:

Sigfred Hovda - skrivar
Nils Rogn - kasserar
Inger Mona Bjertnæs - styremedlem
Bjørn Berge - nestleiar
Inger Paulsen - leiar

Bjørn Leihol og Andris Ødegården - varamedlemar til styret

Revisorar: Ola Grøv Wangensteen og Bjørn Skøre

Valnemnd : Solveig Heimlid, Nils Oddvar Hagen og Torleif Havro

Styret har hatt 7 styremøter mellom årsmøtet 1988 og årsmøte 1989.

Det lyktes ikkje å få arrangert nokon "Hugali-fest" dette meldingsåret. Festen plar vere i februar, men tyske turistar hadde tinga huset alle aktuelle helger.

Valdreskvelven fekk gjennomført dei planlagte skulekonsertane for 6., 7., 8., 9. klasse og asylsøkjarar på VBU 25. mars. 3 konsertar vart avvikla på løpande band. Programmet var kort skissert:

- demonstrasjon av bukkehorn, kuhorn, seljefløyte og lur v/ Jon Eggen
- munnharpespel v/ Sigfred Hovda
- song v/ Kari Hagaseth
- langeleikspel v/ Ingar Ranheim
- hardingfelespel / trondefelespel v/ Trygve Bolstad og Nils Oddvar Hagen
- dikt og langeleik v/ Inger Paulsen, Solbjørg Oldre og Kari Hagaseth
- springar v/ Kari Birgit Lien og Nils Rogn - hardingfele Trygve Bolstad
- gokarstykkjo og halling v/ Ingar Ranheim
- fellesnummer med alle instrumenta (inkl. spiseskeier)

Valdreskvelven i samarbeid med Vang kommunale musikkskule starta i august / september opp med barnedansarring. Interessa for tiltaket synte seg å vere stor. Omlag 40 ungar mellom 4 og 12 år har møtt fram på danseøvingane, kvar måndag på Åsvang. Instruktør frå musikkskulen er Marit Bakken, og frå Valdreskvelven har fleire aktive hjelpt til, både foreldre og andre.

I same andedraget er det all grunn til å nemne den breie tilslutninga som folkemusikkinstrumenta har fått i musikkskulen dette året. På hardingfele er det 7 elevar dette skuleåret (lærer er Trygve Bolstad) og på langeleik er det 6 elevar (lærer er Bjørn Berge). Dette er ei gledeleg utvikling !

5. november arrangerte Valdreskvelven konsert med gruppa "Byttingen" (Bente Ingholm Hemsing, Hans Olav Gorset og Jørn Jensen). Konserten var på Torsheim og var den første tilstelninga av den arten etter nyrestaureringa av grende- huset. Konserten var rikholdig og variert og ville garantert ha gleda fleire enn dei omlag 50 som hadde "blåst" til Torsheim denne kvelden. Spelemennene i Valdreskvelven sytte for fin dansemusikk etter konserten, og mange hadde baka og stelt istand god mat og kaffe.

19. desember skipa nokre av ildsjelene (foreldre) for barnedansarringen til juleavslutning med litt ekstra fest og trivnad på Åsvang.

22. januar (1989) starta springarkurs med Olav Steinsrud frå Øystre Slidre som lærar. Kursstad er Haukåsen, og Basse trakterer hardingfela lystig og lett i springartakt for 15 entusiastiske kursdeltakarar.

På årsmøtet i Landslaget for Spelemenn i 1988 var Nils Leine utsending frå laget vårt. Møtet var 23. - 24. april i Rauland.

Nils Rogn var der som representant frå Valdres Folkemusikklag.

Kari Hagaseth og Nils Leine var Valdreskvelven sine utsendingar på årsmøtet i Valdres Folkemusikklag 18. mars på Fagernes.

Jamvel med i 1987 hadde Valdreskvelven spel- og dansarlag også i 1988 ansvaret for å velje programnemnd for Jørn Hilme - stemnet på Fagernes. Fleire komitéar vart sette i sving:

Kosertkomité for fredagskonserten i Kulturhuset, komité for dansespel fredag og laurdag og komité for kyrkjekonserten sundagen under stemnet.

Mykje arbeid vart det for dei 12 komitémedlemene (10 frå Valdreskvelven og 2 frå Vestre Slidre) å få istand og gjennomført dei ulike programma.

Björg Berge var einaste deltakar frå Valdreskvelven på domarkurs i spel og dans 6. - 8. mai på Fagernes.

Styret har ei tid arbeidd med å få til eit emblem for Valdreskvelven spel- og dansarlag. Emblemet er meint brukt på billetter, konvoluttar, som stempel m.m.

Gamaldansstafetten har vori "på føto" berre to gongar i dette meldingsåret, - 20. mars på Åsvang og 20. november på Vennis.

Men ved fleire andre tilstelningar har valdreskvelvarar og andre fått bidra med song, dans og spel.

På ein stor konsert arrangert av Vang Song- og Musikkråd på VBU 24. april der alle song- og musikklag og musikkskulen medverka bidrog Valdreskvelven - medlemar med visesong, hardingfele- og langeleikspel.

Eit viseinnslag var det òg på Vang Teaterlag sin underhaldningskveld på VBU 10. mai.

Fleire av laget sine aktive spelemenn heldt Vangspensjonistane med dansemusikk på ein fest dei hadde 14. mai.

I høve eit arrangement for Reisetrafikklaget sitt 100 - årsjubileum på Mjøsvang 23. juni bidrog Valdreskvelv - medlemar med langeleikspel, hallingdans, folkeviseleik og visesong.

På Vasetstemnet spelte Solbjörg Oldre langeleik og Ola Norvald Hagen hardingfele.

Ola Norvald spelte også på lokalkapleiken i Bagn 9. april, jamvel med broren Nils Oddvar.

Nils Oddvar varta òg opp med springar- og hallingdans i tevling.

To av lagsmedlemene deltok på lokalkapleiken som domarar; Björg Berge i dans og Nils Leine i hardingfelespel.

Landskapleiken 1988 føregjekk i Bø i Telemark 23. - 26. juni. Mange frå Vang var nok der, og brørne Hagen var tilmed så modige at dei stilte opp i konkurransespeling.

Jørn Hilme - stemnet er tidlegare nemnt i denne meldinga. Forutan i det reinte arrangementsmessige gjorde nokre av valdreskvelvarane gjeldande også i konkurransar; Björg Berge og Endre Hemsing trakterte langeleiken, Arvid Jac. Myhre, Ola Norvald og Nils Oddvar - hardingfele.

I den seinare tid har styret arbeidd noko med planlegging av Lokalkapleiken som skal vere på Åsvang 8. april 1989. Vi har "plukka ut" folk til å arbeide i dei ulike nemnder (premiernemnd, teknisk-, pynte- og ryddenemnd, matnemnd, tevlings- og hovudnemnd), og alle involverte har fått dei naudsynte arbeidsinstruksar.

Det er å vone at arrangementet 8. april vil stimulere til god aktivitet på spel- og dansefronten i Vang. Førre gongen vår kommune var vert for Lokal- kappleiken var i 1983, og etter 6 år vil det truleg verke positivt med ny "blæst" ikring "kvelven" og Vang.

Ved årsskiftet hadde spel- og dansarlaget 61 betalande medlemar, og her er plass til fleire. Nokre få trufaste av medlemane har samlast måndagskveldane saman med Trygve Bolstad for å øve på hardingfele.

Styret takkar for samarbeid og velvilje, og vonar at lagånda vil leve og blomstre i Valdreskvelven spel- og dansarlag i tida som kjem.

Øylo 6. februar 1989

Inger Paulsen

ÅRSMØTE I VALDRESKVELVEN SPEL- OG DANSARLAG
på Haukåsen onsdag 8/2 -89 kl. 19 ³⁰.

1. Val av møteleiar og skrivar
2. Årsmelding
3. Rekneskap for 1988 og budsjett for 1989
4. Arbeidsprogram for 1989
5. Medlemskontingenten for 1990
6. VAL av styre
 - " " leiar
 - " " varamedlemar til styret
 - " " revisorar
 - " " valnemnd
7. Ymse

Traktering

Underhaldning

Dans til musikk av Grindabelgen

VEL MØTT !

Styret *